



Plan for hjorteviltforvaltninga i Luster kommune 2017 – 2020

1	Innleiing.....	1
2	Nasjonale føringar.....	1
3	Mål for hjorteviltstammene	2
3.1	Hovudmålsetnad	2
3.2	Delmål.....	2
4	Status.....	3
4.1	Status for hjort	3
4.2	Status for elg	6
4.3	Status for rådyr.....	6
5	Forvaltningsspørsmål	6
5.1	Beiteskadar og påkøyrslar.....	6
5.2	Organisering av viltforvaltninga i Luster kommune	7
5.3	Kunnskapsgrunnlaget	7
5.4	Viltfondet	7
5.5	Fôring.....	7
6	Tiltak/strategi.....	8

1 Innleiing

Denne planen tek sikte på å trekka dei overordna linene for hjorteviltforvaltninga i Luster kommune, og fastsetja mål for ein fireårsperiode i tråd med hjorteviltforskrifta.

I Luster kommune vert det årleg skote kring 500 hjortar i jakta. Med ein stipulert kilopris på kr 70,- og gjennomsnittleg slaktevekt på 50 kg, utgjer denne ressursen ein verdi tilsvarande 1,75 mill. I tillegg kjem jaktverdien som ofte vert sett til kr 7.000 pr felte dyr, altså 3,5 mill. Hjortejakta genererer også inntekter frå jaktguiding, kost og losji til tilreisande jegerar m.m, men for mange av jaktrettshavarane i Luster er jakta fyrst og fremst matauk og rekreasjon.

I tillegg til hjorten, har Luster jaktbare stammer av elg, rådyr og villrein. Når det gjeld elg og rådyr er førekomstane veldig små i høve hjortestamma, difor får dei ikkje like utførleg handsaming i planen, men det er ført opp egne delmål og tiltak begge. For villreinen sin del er det eit anna forvaltningsregime, der ansvaret er lagt til egne villreinnemnder for kvar stamme. Arten er difor ikkje teken med i denne planen. Det gjeld Reinheimen-Breheimen villreinstamme og Vest-Jotunheimen villreinstamme, som begge har delar av leveområda sine i Luster kommune.

2 Nasjonale føringar

Viltlova (Lov om viltet av 29.05.1981) med tilhøyrande forskrifter har til føremål å regulera viltforvaltninga. Alle kommunar der det vert jakta hjortevilt skal ha målformuleringar for forvaltninga, jf. § 3 i hjorteviltforskrifta (Forskrift om forvaltning av hjortevilt av 08.01.2016 nr. 12): *Kommunen skal vedta målsettinger for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.*

Dei nasjonale måla for forvaltning av hjortevilt er definerte i DN-rapport 8-2009, Strategi for forvaltning av hjortevilt, med fylgjande 5 punkt (oversett til nynorsk):

1. Forvaltninga skal sikra livkraftige og sunne hjorteviltstammer, eit rikt biologisk mangfald og naturen si framtidige produksjon av varer og tenester.
2. Forvaltninga skal ha brei samfunnsaksept og legitimitet.
3. Forvaltninga skal sikra samarbeid og samhandling mellom lokale, regionale og nasjonale aktørar og med andre sektorar som vert påverka.
4. Forvaltninga skal vera basert på høg kompetanse på alle nivå.
5. Forvaltninga skal stimulera til auka kvalitet og mangfald av opplevingar, tenester og produkt.

Hjorteforvaltninga er i omlegging mot ein meir grunneigarstyrt og meir bestandstilpassa modell. Ambisjonen er at kvar hjortestamme skal ha sin eigen bestandsplan, og at forvaltninga skal vera organisert slik at det er ei forvaltningseining for kvar stamme uavhengig av kommunegrensar. Forvaltningseininga, som vert kalla *bestandsplanområde*, skal vera grunneigarstyrt. Med dette overtek grunneigarane ein større del av ansvaret for å nå bestandsmåla.

Den nye modellen føreset at kommunane har definerte mål for hjorteviltforvaltninga slik at bestandsplanområda kjenner til kva råmer dei har for bestandsplanane sine.

Modellen stiller også krav til samarbeid og samkøying nabokommunar imellom.

Luster kommune har sett implementeringa av bestandsplanområde bort til Vestskog gjennom prosjekt *Forvaltning av hjortebestand 2013-2017*. Arbeidet må seiast å ha gått noko tregt, men det er von om å få godkjend dei fyrste forvaltningsplanane i 2017.

3 Mål for hjorteviltstammene

Konkrete målformuleringar er ein føresetnad for at forvaltningsplanen skal kunna fungera som styringsreiskap i samband med godkjenning av bestandsplanar, men er også eit svært nyttig hjelpemiddel når dei årlege kvotane til vald som ikkje er med i bestandsplanområde skal fastsetjast, og elles i samband med handsaming av alle slags spørsmål knytte til hjorteviltet. Bestandsutviklinga har vorte vurdert årleg i samband med tildeling av løyve, men det har vanta eit meir langsiktig perspektiv.

3.1 Hovudmålsetnad

Bestandane av hjortevilt som heilt eller delvis høyrer heime i Luster kommune skal vera tilpassa det naturgjevne beitegrunnlaget. Storleiken på hjorteviltstammene skal balanserast på eit nivå som tener jaktrettshavarane sine interesser, samstundes som det vert teke omsyn til beiteskadeproblematikk, samt trafikktryggleik og andre samfunnsinteresser. Haustbart overskot skal disponerast av grunneigarane til jakt for rekreasjon og matauk eller som grunnlag for verdiskaping på eigedomane.


3.2 Delmål

Hjorteviltforvaltninga skal ha fylgjande delmål:

- Hjortestamma skal reduserast til maksimalt 0,18 observerte dyr pr. jakta time innan utgangen av planperioden.
- Måлтаlet *sett kalv pr. kolle* er eit mål på fertiliteten, og dermed kondisjonen i populasjonen. Sett kalv pr. kolle skal ikkje under 0,6 under normale omstende.
- *Sett kolle pr. bukk* skal ikkje overstiga 1,5.
- Innslaget av rådyr skal haldast på eit lågt nivå. Rådyra skal ikkje få breia om seg.
- Det skal vera små, men jaktbare førekomstar av elg i Jostedalen og Utladalen.
- Skadeomfanget på skog og innmark skal reduserast.
- Utfordringar knytt til påkøyrslar skal dokumenterast og fylgjast opp.
- Kommunen skal leggja til rette for ei auka verdiskaping gjennom turisme, utleige samt gode ordningar for lokale jegerar.
- Hjorteforvaltninga skal vera organisert i bestandsplanområde.
- Forvaltninga av hjortevilt i Luster skal byggja på eit solid kunnskapsgrunnlag.


4 Status

4.1 Status for hjort



Figur 1 Felte hjortar i Luster kommune frå 1986 og fram til 2016.

Frå 1986 og til om lag 2008 var det jamn auke i avskytinga (fig. 1). I åra etterpå har avskytinga stabilisert seg. Det har lenge vore eit mål å redusera stamma, men auke i kvotane har ikkje medført auka avskyting. Fellingsprosenten er på om lag 50 %, det vil sei at kvotane truleg ikkje nokon begrensande faktor i dei fleste valda.




Figur 2 Bestandstettleiken målt i sette hjort pr. time jakta frå sett hjort-registreringa starta i 2004 og fram til i dag.

Ved å registrera observasjonar i sett-hjort-systemet bidreg alle som jaktar til å auka kunnskapen om hjorten i Luster. Registreringane er det viktigaste verktøyet me har til å studera samansetjing og utvikling i stamma. Datasettet omfattar observasjonar frå om lag 18.000 timar i jaktterrenget fordelt over heile den jaktbare delen av kommunen gjennom heile jaktperioden, og er såleis eit langt meir robust og omfattande datasett enn ein vil få i ei organisert teljing. Verdien *sett hjort pr. time jakta* er eit godt mål på bestandstettleiken i motsetnad til talet på felte dyr, som vert påverka av endringar i kvotane. Data frå registreringane vert lagde inn i hjorteviltregisteret (hjortevilt.no), der alle kan gå inn og sjå tildelingar, fellingsresultat og diverse statistikk. Etter kvart som fleire går over til å registrera sett hjort elektronisk på nettstaden settogskutt.no (app er under utarbeiding) vil me få fram fleire detaljar og det vil verta mindre arbeid for kommunen.

Sett hjort-observasjonane tyder på at hjortetettleiken dei siste åra har lagt seg på eit stabilt høgt nivå i Luster til liks med resten av fylket (fig. 2). Dette er trass i ein målsetnad gjennom mange år om å redusera stamma.


Det vert gjennomført årvisse teljingar i privat regi fleire stader i kommunen.

Kjønnsamansetjinga i Luster har svinga mellom 1,1 og 1,5 kolle pr. bukk sidan sett hjort-registreringane starta i 2004, men trenden dei siste to åra har vore synkande (fig. 3). I samband med målsetjinga om å redusera stamma har det vore naudsynt å ha eit høgt uttak av produksjonskoller.



Figur 3 Kjønnsamansetjinga som sett kolle/bukk.

Kalv/hodyr-raten i Luster ligg gjerne kring 0,66 i normalår, som er normalt i ei sunn hjortestamme. Når vinteren er hard, med mykje snø og sein vår er det mange unge koller som ikkje greier å bera fram kalven, då kan kalveraten falla til 0,6 eller mindre. Særleg milde og snøfattige vintrar gjev ikkje tilsvarende auke. Dersom beita vert overbelasta eller det bryt ut sjukdom vil talet på kalvar vera lågt også i normalår; kalv/kolle-raten vert på denne måten ein viktig varsel-indikator.



Figur 4 Alderssamansetjinga på hjort felt i Luster i 2006, 2011 og 2015. Utvalet omfattar berre vaksne bukkar.

Alderssamansetjinga vart undersøkt ved analyse av tenner i 2006, 2011 og 2015. Tradisjonelt har det vore eit svært høgt jakttrykk på vaksne bukkar, noko som resulterer i at storbukkar gjerne har vorte sjeldsynte. Dette har samanheng med verdien av desse som trofé. Svært få bukkar får leva til dei når maksvekta kring 8 års alder. Dei siste åra har haldningsendringar og reduserte bukkekvotar medført at litt fleire bukkar vert sparte i jakta. Dette syner att i figuren ved auka tal bukkar i aldersgruppene over 4,5 år (fig. 4). Dei såkalla burebukkane er viktige for å få i gang paringstida om hausten, i tillegg til at dei har ein høg opplevingsverdi både for jegerar og andre.

Helsetilstanden til hjorten er ikkje særskilt utgreidd, men basert på observasjonar og dei slaktevektene kommunen får kjennskap til er stamma i rimeleg god kondisjon (sjå også kalv pr. hodyr-raten). Nokre sjukdommar bør nemnast:

- Boreliose er ein sjukdom som kan vera svært alvorleg både for menneske, husdyr og kjæledyr. Flåtten, som er berar av sjukdommen, er i hovudsak ein hjorteparasitt. Utbreiinga og effektane av boreliose hjå hjort er ukjend, men flåtten har breidd kraftig om seg dei seinare åra, og vil etter alt å døma vera eit stort problem for husdyrnæringane og særleg for dei menneska som blir sjuke, så lenge hjortestamma er så tett som han er pr. no.
- Hjernemark er ein parasitt som kan gje dødeleg sjukdom hjå hjort. Det vert observert nokre tilfelle årleg av hjort med lammingar i bakparten, som er det tydelegaste symptomet, men det føreligg ikkje data om kor utbreidd sjukdommen er. Parasitten spreier seg til sau i aukande omfang, og er då dødeleg.
- Skrantesjuka, eller chronic waste syndrom CWD, er ein svært alvorleg prionsjukdom som er funnen på elg og villrein for fyrste gong i Noreg i 2016. Det er sett inn ei rekkje tiltak for å kartleggja utbreiinga og førebyggja smitte, men så langt (per mars 2017) er sjukdomen ikkje påvist på hjort.

4.2 Status for elg

Innslaget av elg skuldast enkeltindivid og familiegrupper som kjem austanfrå til Utladalen og områda fremst i Jostedalen. Dei kan ikkje forvaltast som egne stammar. Det er ikkje innført sett elg-rapportering, i staden vert løyvetildelingane basert på tilbakemeldingar frå jegerar og andre, samt oppsynsmannen sine observasjonar.

Førekosten av elg har halde seg stabilt låg i lang tid, og fellingskvotane har vore totalt 5 dyr årleg gjennom ei årrekke. For å optimalisera rekrutteringa ynskjer jaktrettshavarane at det berre skal skytast oksar.

4.3 Status for rådyr

Når det gjeld rådyr peikar dei fleste tilbakemeldingane til kommunen i retning av at rådyra er i ferd med å breia om seg. Det er grunn til å tru at rådyrstammen veks, men ikkje fort.

Rådyra sin matsetel skil seg frå hjorten sin ved at dei er meir selektive og likar finare plantemateriale. Dei er også meir uredde folk enn hjorten, og har ein liten og spenstig kropp som kjem seg gjennom eller over dei fleste gjerdingar. I sum gjer dette at rådyret ofte vert ei plage i frukt- og bærhagar, kjøkenhagar og blomsterbed. Det økonomiske potensialet i rådyrjakta er dessutan lite.

Det har vore tildelt til saman sju løyve årleg i dei tre valda dei siste åra.

5 Forvaltningsspørsmål

5.1 Beiteskadar og påkøyrslar

Den store hjortestamma er eit gode for grunneigarane, men fører også med seg vesentlege ulemper. Den subjektive oppfatninga er at omfanget av beiteskadar på eng og skog er aukande, og at hjorten i tillegg øydelegg ein god del rundballar, og på den måten påfører landbruksnæringa tap. Frukt- og bærplanting er mange stader nærast bortkasta utan inngjerding med gjerding som må vera høgare enn vanleg sauennett.

Det vert registrert i snitt 3-4 påkøyrslar av hjort langs vegane årleg, dette er lite samanlikna med nabokommunane våre. Det er ingen særskilde punkt eller strekningar som peikar seg ut på ein slik måte at det er aktuelt å setja inn tiltak, men alle viltpåkøyrslar vert dokumenterte og kartfesta i fallviltregisteret (hjortevilt.no), slik at ein over tid kan få eit godt bilete av kva som er dei mest kritiske kryssingspunkta.

I løpet av den siste 6-årsperioden har det vore trafikkulukker knytt til hjort og rådyr på desse strekningane (kjelde: fallviltregisteret, spreidde einskildhendingar er ikkje tekne med):

- Spreidd på strekninga Høyheimsvik-Markstein: 10 påkøyrslar
- Spreidd over Indre Hafslo frå Liarmen til Marheimsgilet: 5 påkøyrslar
- Kort strekke innover frå Fjøsne: 4 påkøyrslar
- Punkt på Heggmyrane: 2 påkøyrslar

Desse må vurderast fortløpande med omsyn til tiltak.

5.2 Organisering av viltforvaltninga i Luster kommune

Pr. mars 2017 er det 96 hjortevald, to elgvald og tre rådyrvald i kommunen. Minstearealet for hjort er 750 dekar i heile kommunen, men tilgangen til å fråvika dette med inntil 50% i samband med løyvetildelinga vert mykje nytta, slik at dei fleste får meir enn eitt løyve pr. 750 dekar teljande areal. For elg er det lagt til grunn eit arealkrav på 10.000 dekar og for rådyr 5.000 dekar.

Det er ingen godkjende bestandsplanområde i Luster pr. mars 2017, og diskusjonen omkring avgrensinga av dei ulike stammene sine årsleveområde, som dannar grunnlaget for kva vald som kan gå i samarbeid, er enno ikkje heilt landa. Vonaleg vil den nye forvaltningsmodellen verta implementert i løpet av planperioden. I dei tilfella eit bestandsplanområde strekker seg over kommunegrensa, skal den eine kommunen stå for sakshandsaminga til heile området, normalt den med størst areal.

Dialogen mellom kommunen og jaktrettshavarane går i hovudsak gjennom valdleiarane. Diverre er det sviktande kommunikasjon mellom valdleiar og den enkelte grunneigar i ein del vald, noko som gjer det utfordrande å nå ut med informasjon til jegerane. Eit årleg folkemøte om hjorteforvaltning har vore godt motteke, og samstundes nyttig for forvaltninga som eit forum for meningsutveksling og tilbakemeldingar. Dei siste åra har hjortemøtet fleire gonger diverre vorte bortprioritert.

5.3 Kunnskapsgrunnlaget

Merkeprosjektet har gjeve ny kunnskap om hjorten sin områdebruk og trekkmonster. Denne kunnskapen vert viktig når bestandsplanområda skal definerast på kartet, men endå viktigare er innteikningar gjort av hjorteinteresserte lokale.

Sett hjort-registreringa, som har vore i system sidan 2004 byrjar no å verta ein solid tidsserie. Det er grunn til å tru at kvaliteten på sett hjort-registreringa gradvis er vorten betre ettersom fleire har fått forståing for verdien av registreringa.

Aldersanalyse har vore gjennomført tre gonger, i 2006, 2011 og 2015.

5.4 Viltfondet

Viltfondet i Luster kommune vert nytta mellom anna å betra kunnskapen om eiga hjortestamme, kompetanseheving for jegerar (mellom anna feltkontrollørkurs), støtta arbeidet til ettersøksringen, kommunale ettersøk og skadeførebyggjande tiltak (i hovudsak hjortegjerde).

Søklarar som set opp gjerde som stettar kommunen sine krav til viltgjerde, får dekkja inntil 75 % av materialkostnaden, inntil eit maksbeløp pr. meter, for tida 75 kr. Søkjartala kan tyda på at denne ordninga er underkommunisert.

Når bestandsplanområda er oppretta vil det vera naturleg å setja av ein del av viltfondet til drift av desse etter søknad.

5.5 Fôring

Som eitt av tiltaka for å førebyggja spreiding av skrantesjuke er det innført eit førebels forbod mot fôring av hjortevilt. Dersom dette ikkje vert vidareført kan det vera høve til å leggja ut mat til hjorten, men kommunen må sjå til at det vert gjort på rette måten. Fôring av vilt er berre tillate som del av eit planmessig viltstell, jf. viltlova §46. Luster kommune er kjende med ulike typar fôr vert nytta for å

lokka hjorten inn på innmark under jakta, slik fôring kan ikkje seiast å vera del av planmessig viltstell. For at fôring skal vera i samsvar med intensjonane i § 46 skal følgjande vilkår vera stetta:

- Fôringa er omhandla i ein bestandsplan.
- Fôringa er eit tiltak med føremål viltstell. Ei naturleg følgje av dette er at fôringa vert kopla til vinteren, som er den vanskelegaste årstida for hjorten. Fôring for å trekka til seg hjort i samband med jakta er ikkje viltstell. Fôring av hjort bør, av omsyn til forbodet mot lokking, unngåast i jakttida.
- Fôringa skal gå føre seg i god avstand, minimum 300 m, frå grensa til nabovald, med mindre det føreligg ein avtale mellom valda som del av bestandsplanen.
- Fôringsplassen skal ikkje leggjast slik at faren for trafikkulukker aukar, eller slik at grunneigarar som ikkje deltek i tiltaket risikerer auka beiteskader på sin eigedom.

Utlegging av saltstein vert ikkje sett på som fôring.

6 Tiltak/strategi

For å nå måla skal Luster kommune:

- Halda ei overordna styring for å fremja human jakt og god kondisjon på viltet.
- Tildela tilstrekkeleg hjorteløyve til å redusera stamma. Vurdera justering av minstearealet gjennom forskriftsendring.
- Leggja til rette for grunneigarstyrt forvaltning med god organisering
- Godkjenna bestandsplanar som er i tråd med målsetningane og leggja desse til grunn ved tildeling av løyve til vald som står utanfor bestandsplansamarbeidet.
- Yta bistand til bestandsplanområda gjennom levering av data, praktisk tilrettelegging, fleksibilitet og fagleg rettleiing.
- Leggja til rette for auka uttak av rådyr. Vurdera endring i minsteareal.
- Sikra at avskytinga av elg er moderat og retta hovudsakleg mot oksar og kalvar.
- Samarbeida med grunneigarar, nabokommunar og ettersøksringen.
- Registrera påkøyrslar og andre ulukker forårsaka av menneskeskapte tilhøve i fallviltregisteret.
- Halda fram med jakttopsyn
- Unngå å opna for fôring av hjort i jakta.
- Nytt viltfondet til gode tiltak i tråd med intensjonane, slik som:
 - Beiteskadereduserande tiltak
 - God forvaltning og drift av bestandsplanområde
 - Støtta opp om næringsutvikling knytt til vilt
 - Ettersøk etter påkøyrte vilt
 - Auka kunnskap og interesse for hjorteviltet
 - Tiltak som vernar og fremjar viltinteressene
 - Andre gode tiltak knytt til viltforvaltning
- Syta for at fellingsresultat og sett hjort-data alltid er tilgjengeleg for ålmenta på hjorteviltportalen. Leggja til rette for overgangen til elektronisk registrering på settogskutt.no.
- Publisera valdkarta på internett.